

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/34

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016

## Orienteringssaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
018/2016.1	Kommunestruktur - Nordhordland - Forhandlingsutvalet - protokoll frå møte 16.02.2016

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 018/2016

#### FOR - behandling:

#### I møtet vart det orientert om følgjande saker:

##### Kommunestruktur

Ordførar orienterte om status for drøftingar/prosess i Nordhordland og opplegg for gjennomføring av folkemøte den 12. april i Modalen og høyringsprosessen forøvrig.

Under drøftinga kom det fram ønskje om at "aleine alternativet" også vart belyst på folkemøtet.

#### Oppfølging:

Forhandlingsutvalet førebur folkemøtet, og tek med seg innspela frå drøftinga under møtet.

### **Tannklinikk i Modalen**

Brev frå Hordaland fylkeskommune med oppseiing av leigeavtale var sendt ut til medlemne i epost før møtet.

Ordførar orienterte om kontakt med ordførar i Masfjorden for vurdering av om det er mogleg å få etablert eit privat tannhelsetilbod.

#### Oppfølging:

Ordførar føl opp saka i samarbeid med ordførar i Masfjorden. Dersom ein privat tannlege er interessert i å etablere ein privat praksis så vil det verte lagt fram eiga sak om økonomi og vilkår for dette til politisk handsaming.

### **NVE - høyring av søknader om løyve for 8 små vasskraftverk i Modalen kommune**

Brev frå NVE var sendt ut til medlemne i epost før møtet.

Rådmannen orienterte kort om saka. Det vert offentleg folkemøte den 24.05.16 om saka. Frist for fråsegn er 1.7.2016.

### **Kommunal kai Mostrausvika**

Rådmannen orienterte om nyleg motteken førspurnad om vøling av kai.

Formannskapet stiller seg positiv til eit samarbeid med privat interessent for vøling av kaien, men ba om at det også vart vurdert kva rettigheter som vart knytta til kaiar ved Langedal og Nottveit.

#### Oppfølging:

Rådmannen føl opp dialogen med interessent og undersøker bruksrettar også for kaiar ved Langedal og Nottveit.

### **Bygging av nye bustader til flyktningar - status utleige**

Rådmannen orienterte om administrasjonen si vurdering av kostnader og stønad frå Husbanken ved bygging av ein tomannsbustad på Mo.

Rådmannen orienterte også kort om behov for utleigebustader til andre føremål.

#### Oppfølging:

Formannskapet ber rådmannen leggje fram ei sak til politisk handsaming for bygging av ny bustad på Mo med 2 bu-einingar.

### **Status for fylkesveggar i Modalen**

Ordførar orienterte om kontakt med Statens Vegvesen i høve tilstanden av asfaltdekke på dei lokale fylkesvegane.

#### Oppfølging:

Ordførar vil følgje opp saka med brev og dokumentasjon av tilstanden til Hordaland fylkeskommune/Statens vegvesen , samt invitasjon om ei synfaring.

### **Rekneskap 2015**

Rekneskapet for 2015 er ikkje ferdig revidert, men førebels tal syner eit netto driftresultat på vel 7.2 millionar som er litt betre enn tala for 2014. Resultatet skuldast mellom anna god kostnadskontroll, auke i inntekter og reduserte pensjonskostnader.

Rådmannen vil gje ei kort orientering om rekneskapet også til kommunestyret i møte 21. april.

### **Modalstunet - status avvikling av avtalar med Vaksdal kommune - lukka møte**

Ordfører og rådmann orienterte om saka sist i møtet. Saka har vore drøfta i møte med Fylkesmannen den 11. mars der begge kommunane var representert. Møtet vart lukka fordi det var trong til å gå gjennom juridiske sider av dei avtalemessige tilhøva mellom kommunane.

Samrøystes

**FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

**Vedlegg:**

02 2016 02 16 Protokoll frå forhandlingsutvalet sitt møte